

Ordføraren er årets 17.mai-talar.

05.05.2017



17.mai talar er ordførar Peder Sjo Slettebø

17.mai-programmet er godt i rute! Det kunne Knut Olav Myklebust og Hege Lekva i styringsgruppa forsikra om etter eit møte med dei ulike gruppeleiarane i går kveld. Det komplette

programmet vert snart publisert. I denne omgang gjer vi kjent at årets 17.mai-talar er ordførar Peder Sjo Slettebø.

Ordføraren er nok Kvinnherads mest attraktive talar på nasjonaldagen, og 17.mai nemnda var svært tidleg ute og sikra seg ordføraren som talar. I fjar heldt han talen for dagen i heile tre bygder spreidd rundt i den vidstrakte kommunen vår; - i Ølve, i Matre og på Sæbøvik. I år følgjer han opp med talar i 3 nye bygder. I tillegg til Uskedalen skal han tala til folket på Husnes og Fjelberg på nasjonaldagen. Peder Sjo Slettebø er ein svært god talar, og i tillegg er han flink til å koma ut og møta folket i ulike samanhengar. Eg gler meg til å høyra 17.mai-talen hans.

Etter møtet i går kunne Hege Lekva og Knut Olav Myklebust saman med gruppeleiarane Thomas Eide(programkomité), Ingunn E. Myklebust(matkomité) og Janne Hjelmeland(leikekomité) forsikra om at alt er i rute når det gjeld førearbeidet til den store dagen. Sigmund Myklebust er leiar i pynte- og ryddekomitéen. Programmet vert etter same mal som dei siste åra.

No håpar vi alle på at godversbolken vi er inne i, held seg til over 17.mai. Det hadde vore strålende!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnherad kommune.